



## TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

5685 UGGDAL

Tel 53 43 70 10

Faks 53 43 70 11

|                    |  |
|--------------------|--|
| KØMM. OG REG. DEP  |  |
| 02 FEB 2006        |  |
| 05 13280-163       |  |
| 661.0              |  |
| Avd. KO 1 KØ 1 HER |  |

Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

UGGDAL, 31.01.06

| Saksnr.  | Dok.nr    | Arkivkode | Avd/Sek/Saksh    | Dykkar ref. |
|----------|-----------|-----------|------------------|-------------|
| 05/00686 | 000857/06 | 100       | FSK/FEL/JOSE/ådh |             |

### HØYRING - NOU 2005:18 FORDELING, FORENKLING, FORBEDRING - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

Frå møte i FORMANNSKAPET 24.01.06, saknr. 0004/06.

De vert hermed orientert om at det er gjort følgjande vedtak:

#### "Skule

Me har ikkje særskilde merknader, men vil understreka at skulestruktur og organisering av skulen bør vera gjenstand for politiske val ut frå kva som gagnar elevane og lokal-samfunnet.

#### Kommunale vegar

Utgifter til vedlikehald av kommunale vegar er tyngjande for kommunebudsjettet. Skal ein i Tysnes oppretthalda busetnadsmønsteret, må det setjast av midlar til vedlikehald og opprusting av dei kommunale vegane. Kommunevegar må difor vera med i kostnadsnøkkelen.

#### Barnehagar

Kostnadsnøkkelen for barnehagar må vurderast på nytt. Konsekvensane av behovet for små barnehagar med smådriftsulemper må belysast.

#### Kommunestorleik og basistilskot.

Basistilskotet bør ikkje differensierast, men fastsetjast i høve til kor store faste kostnader kommunane har.

Tysnes kommune er samd i det nye distriktpolitiske tilskotet.

#### Vekstcommune – Kommunar med nedgang i folketalet.

Vekstcommunar som opplever spesielle vanskar med å finansiera utbygging, bør fungast opp gjennom skjønnstilskotet.

Kommunar med nedgang i folketalet står også overfor økonomiske utfordringar av di inntektene vert reduserte utan at det alltid er like lett å tilpassa utgiftene. Dette må ta-kast omsyn til ved fastsetjing av rammene.

Tysnes kommune er samd i at folketalet 01.01.året før skal vera innslagspunktet for tildeling av dei økonomiske rammene.

### **Inntektsutjamning**

Tysnes kommune støttar forslaget om ei prognosebasert inntektsutjamning.

### **Skjønstilskot**


Gjennom skjønstilskotet må ein fanga opp ein del av dei sidene som ikkje vert fanga opp av inntektssystemet.


### **Distriktpolitiske verkemiddel**

Det er framleis naudsynt å oppretthalda eit distriktpolitisk tilskot i område med spreidd busetnad og vanskeleg geografi. Dette tilskotet kan gjera det mogeleg å ha like godt tenestetilbod i desse distrikta som i meir sentrale strøk.

Det distriktpolitiske tilskotet kan bli eit ryddig og godt element i inntektssystemet. Men konsekvensane av å endra det distriktpolitiske tilskotet ved å leggja soneinnde-linga i distriktpolitikken til grunn fullt ut må utgreiaast. Tysnes kommune meiner ein må vurdera basiselementet i tilskotet nærare, og dette bør vurderast auka i høve til 15% som det no er framlegg om.

Kommunar som ved siste omlegging fekk auka arbeidsgjevaravgift og ikkje får denne redusert att ved nye justeringar, må få dette kompensert gjennom andre verkemiddel."

Med helsing  
Tysnes kommune  
  
Audun Hovland  
rådmann

  
Jon Sævartveit  
konsulent